TABELL. De ti vanligste inklusjonsdiagnoser for kliniske studier med søknadsår 1998–2007 i norsk allmennpraksis.

med ikke-kommersielle studier. En konsekvens av selektiv publisering er skjevheter i kunnskapsoppsummeringer basert på publisert evidens (7). Når dette igjen nedfelles i kunnskapsbaserte kliniske retningslinjer, kan det til syvende og sist medføre at behandlingsbeslutninger for den enkelte pasient treffes på feil grunnlag, samtidig som legemiddelkostnadene for samfunnet blir unødvendig høye. Vi arbeider for tiden med å undersøke hvor mange av de norske allmennpraksisstudiene som har blitt publisert.

På tross av tiltak som påbudt forhåndsgistrering av kliniske studier fra 2005, er det generelt fortsatt mange studier der resultatene aldri blir offentlig tilgjengelig. For tiden pågår et internasjonalt arbeid for offentliggjøring av alle resultater fra kliniske studier, både nye og gamle. «All Trials Registered, All Results Reported», alltrials, er et initiativ fra flere organisasjoner og enkeltpersoner, bl.a. BMJ, James Lind Initiative, the Centre for Evidence-based Medicine, Sense About Science og Ben Goldacre. I løpet av 2013 har

- hvem, hva, hvordan?

Konnet (1-27966) er godkjent for følgende spesialiteter:

- ALLMENNMEDEISIN (klinisk emnekurs, 15 timer)
- GERIATRI (valgfritt kurs, 15 timer)
- PSYKIATRI (valgfritt kurs, 15 timer)
- KLINISK FARMAKOLOGI (valgfritt kurs, 15 timer)
- INDERMEDEISIN (valgfritt kurs, 15 timer)

For fullstendig program og påmelding,
se: www.nal.no/legemiddel

Hvilke plager for eldre?
Hvem skal behandles for hva
– og hvordan? Nyttige strategier
med polyfarmasi, dårlig
etterlevelse og støtte av om-
sørgende vil bli presentert,
og det vil bli anledning til spør-
smål og diskusjon. Kom gjerne for
de som kanskje du vil dele!

AllTrials All Trials Registered | All Results Reported

home why this matters comments organisations contact about news

Det er på tide at alle resultater fra kliniske studier blir rapportert. Pasienter, forskere, farmasøyer, leger og myndigheter overalt vil ha nytte av publiserte resultater fra kliniske studier. Uansett hvor i verden du befinner deg, vennligst skriv under på oppropet:

Tusenvis av kliniske studier har ikke rapportert sine resultater; noen har ikke en gang blitt registrert.

Informasjon om hva som var gjort og hva som ble runnet i disse studiene kan gå tapt for alltid for leger og forskere og lede til dårlige behandlingsbeslutninger, tapte muligheter for god klinisk praksis, og gjentakelse av studier.

Alle studier, tidligere og nåværende bør registreres, og de fullstendige metodene og resultatene bør rapporteres.

Vi ber regjeringer, myndigheter og forskningsinstitusjoner om å sette i verk tiltak for å oppnå dette.

Sign now

Sign the petition

First Name ** Last Name **

Email **

Country Occupation

I signed this because: (add your comment for the wall here)

de fått over 50000 underskrifter, og svært mange sentrale institusjoner har støttet arbeidet for at alle kliniske studier skal registreres og at alle resultater blir rapportert. De har fått myndigheter både i EU og USA på glid for å tvinge fram offentliggjøring av kliniske forskningsresultater, blant annet på legemidler, men målet er ennå ikke nådd.


Jeg oppfordrer alle til å støtte dette arbeidet. Se www.alltrials.net.

REFERANSER

1. Bjørnhaug E, Aaløkken I: Klinisk utprøving i Norge. Omfang og type utprøvinger de siste 10 årene. *Nor Farm Tidsskr* 2010; 12–14.
2. Holtedahl KA, Meland E: Drug trials in general practice: Time for a quality check before recruiting patients. *BMJ* 2007, 335: 7.
3. Woxholt S: Registrering av legemidler – prosedyrer og dokumentasjonskrav. *Nor Farm Tidsskr* 2009; 14–15.
4. St. meld. nr. 18 (2004–2005). Rett kurs mot riktigere legemiddelbruk. (<http://www.regjeringen.no/nb/dep>

hod/dok/regpubl/stmeld/20042005/stmeld-nr-18-2004-2005-.html?id=406517)

5. Braend AM, Jensen KB, Klovning A, Straand J: Clinical drug trials in general practice: a 10-year overview of protocols. *Trials* 2013, 14: 162.
6. Lundh A, Sismondo S, Lexchin J, Busuioac OA, Bero L: Industry sponsorship and research outcome. *Cochrane Database Syst Rev* 2012, 12:MR 000033.
7. Lehman R, Loder E: Missing clinical trial data. *BMJ* 2012, 344: d8158.

 a.m.brand@medisin-uio.no



Alternativbransjen – fargerik, men forefull?

■ PERNILLE NYLEHN *spesialist i allmennmedisin, Rehabilitering Vest, Haugesund*

Alternativ medisin er stadig på dagsorden, dels som mirakelreportasjer om folk som har blitt friske av alvorlige sykdommer, dels som kritikk fra skeptikere, noen få medisinere, og andre fagfolk. Programmet «Folkeopplysningen» på NRK i fjor vinter satte sinnene i kok i alternativleiren, mens motstanderne jublet.

I begynnelsen av 2013 gjennomførte Forbrukerombudet og Helsetilsynet en aksjon (1) hvor de gikk gjennom markedsføringen til ca. 100 alternativbehandlere. De fant lovbrudd, til dels alvorlige, hos en av fem, og bebudet mer kontroll framover. Forbrukerombudet ønsker i tillegg strengere lovverk. De har i ettertid lagt ut utfyllende informasjon om alternativ behandling på nettsidene sine (2).

Men hva vet vi om hvordan det står til i denne bransjen? Og hva sier egentlig lovverket?

Uoversiktlig marked

Det mest slående når man begynner å undersøke dette feltet, er at det er temmelig uoversiktlig. Det er ingen – verken bransjen selv, helsemyndighetene eller forbrukermyndighetene – som vet hvor mange behandlere som finnes, hva de driver med, hva slags kompetanse de har, eller om de følger lovverket. Et løselig anslag er at det finnes 10–15 000 behandlere, og bortimot 200 ulike behandlingsformer. De vanligste formene for behandling er massasje, akupunktur, soneterapi, healing og homeopati (3). I den rikholdige jungelen av andre retninger og teknikker (4) kan nevnes Bowenterapi, Tomatismetoden, kvantemedisin, singulett oksygenterapi, rolving, Feldenkraismetoden, primalterapi, Rosenterapi, biopati, ortomolekylær medisin, tarmskylling, kelatterapi og mange flere. Hva alle disse

behandlingsformene går ut på kan jeg ikke gjøre rede for. NIFAB (5), en offentlig finansiert informasjonsside om alternativ medisin, har brukbar informasjon om de mest brukte formene for alternativ behandling. Den er verdt et besøk for den som vil orientere seg i dette landskapet.

I tillegg til de mange alternativbehandlere, finnes det en mengde kosttilskudd, pulver, dråper, apparater og remedier som dels selges av behandlere, dels i helsekostbutikker, eller via ulike aktører på internett. Dette er et felt som er enda mindre oversiktlig, og det er ingen tvil om at noe av det som selges er potensielt skadelig. Det selges blant annet dråper med blekemiddel som skal virke mot alt fra flass til malaria, kosttilskudd som viser seg å inneholde biologisk aktive medikamenter, og såkalt naturmedisin som er forurenset av tungmetaller.

Undersøkelser fra Legemiddelverket viser at 22 prosent av befolkningen har kjøpt kosttilskudd på nettet (6). Dette markedet er så å si helt uregulert, selv om Mattilsynet og Legemiddelverket prøver å holde en viss oversikt og slå ned på de verste synderne.

Bruk av alternativ medisin i Norge

Det er ikke helt enkelt å finne ut hvor mange som har brukt eller bruker alternativ medisin. Ulike undersøkelser opererer med vidt forskjellige tall. NAFKAM (Nasjonalt forskningssenter innen komplementær og alternativ medisin) oppgir at 45 prosent av befolkningen har brukt alternativ medisin (7), mens SSB opererer med noe under 20 prosent (8). Bransjen selv oppgir at hele 50 prosent bruker alternativ medisin. Årsaken til de sprikende tallene er ulike definisjoner av alternativ medisin: NAFKAM regner med blant annet massasje, urter og selvhjelpsteknikker, noe SSB ikke gjør. Hvis man tar bort disse fra NAFKAMs undersøkelse, faller tallet til 20 prosent. Alle kildene er imidlertid enige om at bruken øker.

Det er klart mest kvinner som bruker alternativ behandling, ca dobbelt så mange som menn. Et viktig poeng er at brukerne av alternativ behandling ikke velger bort vanlige hel-

setjenester. Faktisk går de mer til lege enn gjennomsnittet av befolkningen. Det er kanskje uttrykk for at de er spesielt opptatt av helse, eller at de er mer syke.

Hvem er behandlerne?

Det er like stor variasjon mellom utøverne av alternativ behandling som metodene. Noen har mange års utdanning, noen har ulike kortere kurs, noen er helt selvlærte. Ingen titler er beskyttet, dermed kan man kalle seg for eksempel akupunktør etter å ha tatt noen helgekurs. Det er også en del helsepersonell – spesielt sykepleiere – som driver alternativ praksis.

Man får inntrykk av at mange av de alternative behandlerne bruker flere teknikker: en homeopat kan også drive med akupunktur, ørelysbehandling, mineralterapi, kvantemedisin og samtalebehandling. Fra forbrukerens perspektiv er det ikke lett å orientere seg, og man har ingen garanti for at behandleren faktisk har greie på det hun driver med. Det gir kanskje en viss trygghet om vedkommende er medlem av et forbund, da har de i det minste utdanning i én av retningene de driver med. Men siden det ikke finnes noen form for offentlig regelverk eller kvalitetssikring av fagutdannelsene, har man ingen garanti for at man er i kompetente hender. Om behandleren er sykepleier, vet hun jo en del om kroppen, men hun er ikke dermed automatisk kompetent til å utøve akupunktur, eller å gi råd om spesialdietter eller naturmedisin.

Dette sies ikke for å nedvurdere de mange alternativbehandlere som er seriøse og skikkelige, men man kan ikke stikke under stol at det finnes mange useriøse aktører i denne bransjen. Det er et problem både for forbrukerne og for bransjen selv.

Hva sier lovverket?

Alternativ behandling er regulert av lov om alternativ behandling av sykdom (9) som ble innført i 2003. Med sine 11 paragrafer er det en relativt spinkel lov (lov om helsepersonell har til sammenligning 77 paragrafer). Det fin-



nes også en forskrift om markedsføring (10) med omfattende merknader (11).

Det første som slår en når man leser lovteksten, er at den ikke definerer hva en alternativbehandler er, eller hvem som kan utøve alternativ medisin. En alternativbehandler er, ifølge loven, «den som tilbyr eller utøver alternativ behandling», altså en sirkeldefinisjon. Med andre ord: hvis jeg ønsker å kalle meg alternativbehandler, så er jeg det. Det finnes ingen lisens eller autorisasjon, heller ingen godkjenningsordning eller minstekrav om kompetanse. Det er ingenting som hindrer Snekker Hansen eller Frisør Anna i å åpne en klinikk på hjørnet og kalle seg sone-terapeut eller kvantemedisinere, eller for så vidt finne opp sin egen tittel og metode.

Man trenger heller ikke registrere seg eller melde fra til noen om at man har startet en virksomhet som alternativ behandler. Det finnes riktignok et register for alternativbehandlere, men ordningen er frivillig, og det er bare knapt 3000 utøvere som har registrert seg der. Noe som er litt underlig, siden registrering

gir momsfritak, så det gir både økonomisk gevinst og økt troverdighet ved å registrere seg.

Registreringen innebærer imidlertid ingen offentlig godkjenning. Kriteriet for å registrere seg er at man er medlem av en fagorganisasjon som oppfyller visse formelle krav: De må ha fagkrav til medlemmene, vedtekter, etiske regler og et klageorgan. Myndighetene foretar likevel ingen vurdering av det faglige innholdet, det er helt opp til organisasjonen selv hvilke faglige krav de skal stille. For å bli medlem i Healerforeningen må man fremvise 10 pasientevalueringer, og ha gjennomgått kurs i lovverk, etiske regler og kommunikasjon, noe som må sies å være relativt overkommelig. I rettferdighetens navn: De fleste organisasjonene stiller høyere formelle krav enn som så, men dette illustrerer at «registrert behandler» ikke er synonymt med «utdannet behandler».

Loven regulerer for øvrig taushetsplikt og forsvarlighet, og hva behandlerne har lov til å gjøre og ikke gjøre. De har ikke lov til å be-

handle alvorlig sykdom eller smittsomme sykdommer. Lovens forskrift sier faktisk klart at de ikke har lov til å behandle sykdom i det hele tatt, kun **symptomer** og plager. De har heller ikke lov til å gi inntrykk av at behandlingen deres virker, eller at den er dokumentert. Dette virker litt underlig, men samtidig er det logisk, siden alternativ behandling må defineres som behandling uten dokumentert effekt.

Det er på dette punktet mange synder. Tilsynet i 2013 viste at svært mange kommer med påstander om at de kan behandle konkrete sykdommer. En del sa de kunne behandle alvorlige sykdommer som kreft, MS, revmatiske sykdommer og alvorlige psykiske lidelser. Da de fikk påtale uttrykte mange undring over at de hadde gjort noe galt. De hadde altså ikke satt seg inn i regelverket.

Håndheving av loven

Lov om alternativ behandling er grei nok, hvis den bare ble håndhevet. Men det blir den



i liten grad. Forbrukerrådets og Helsetilsynets aksjon tidligere i år er, såvidt jeg vet, det første systematiske tilsynet som er ført med markedsføring av alternativ behandling siden loven ble innført i 2003. Og det føres intet tilsyn med det faglige innholdet eller selve behandlingen. Det er også uklart hvem som skal behandle melding/klage av for eksempel feilbehandling. Helsetilsynet har bare tilsyn med helsepersonell, og kommer bare inn i bildet hvis det er helsepersonell som har utført behandlingen, eller hvis det har skjedd alvorlige feil.

Forbrukerombudet har ansvar for å håndheve bestemmelsene om markedsføring, Mattilsynet har tilsyn med kosttilskudd og andre preparater. Ingen av disse har imidlertid øremerkede midler eller personell som gjør dem i stand til å føre effektivt tilsyn.

Dermed har vi den underlige situasjonen at vi som har utdannelse og kompetanse til å behandle sykdom, og plikt til å gi forsvarlig og dokumentert behandling, blir holdt under streng oppsikt, mens folk som har null eller liten utdannelse stort sett kan gjøre hva de vil – så lenge de ikke er helsepersonell. Forekommer det alvorlige feil, kan riktignok politiet og/eller Helsetilsynet være riktig adresse, men det er neppe mange saker som har kommet så langt. Jeg kjenner faktisk bare til én sak som har kommet opp for domstolen (12). Det gjaldt en healer som hadde gitt en pasient så mye kalium at hun fikk hjerte- og respirasjonsstans. Han ble idømt fengselsstraff og erstatningsansvar, og ble fradømt retten til å ta syke i kur. Om noen har ansvar for å følge

opp at han ikke begynner på igjen, vites ikke. Ryktene sier at han er i full gang igjen på Gran Canaria, og uttaler at han aldri kan huske å ha mislyktes.

Vi vet ikke hvor mange feil som forekommer i alternativ behandling. Det er grunn til å tro at det ikke er veldig mange, siden de fleste behandlingene tross alt er relativt ufarlige. Imidlertid kan det være farlig hvis behandleren ikke kjenner sin begrensning, og ikke ber en pasient med tegn på alvorlig sykdom om å gå til lege, eller anbefaler pasienter å slutte med livsnødvendige medisiner eller annen viktig behandling. Et tredje faremoment er at pasienter kan bli lokket til å bruke store summer på uvirksom behandling.

Vi vet rett og slett ikke hvor ofte slikt skjer, av den enkle grunn at ingen har oversikt over feltet, og ingen har meldeplikt. Bransjen selv fører heller ikke systematisk tilsyn eller oversikt med egne medlemmer.

Helsepersonell kan og bør melde fra hvis vi får vite om feilbehandling eller uforsvarlig virksomhet, men det forutsetter at vi får vite om dem. Pasienter forteller ikke uten videre til legen sin at de har brukt alternativ medisin. Det er en viss komikk i at både pasienter, pårørende og helsepersonell kan melde fra om bivirkninger av medikamenter, mens bare leger og apotekere kan melde bivirkninger av naturmidler eller helsekost.

Quo vadis?

Oppsummert: alternativ medisin er et felt som ingen riktig har oversikt over, og det lov-

verket som gjelder er like sovende som «Kvakkalverloven» var. Riktignok har deler av bransjen jobbet for å øke kvaliteten og den faglige bevisstheten blant sine medlemmer de siste åra, men det ser ut til å være en stor underskog av behandlere som lever sitt eget liv. Ut fra mine «forskningstokt» i denne jungelen virker det som det er ganske mange av behandlerne som ikke kjenner lovverket, eller som ikke bryr seg om det. De blir jo likevel ikke straffet med mindre de begår svært alvorlige feil.

Myndighetens holdning er tvetydig. Signalene da den nye loven kom var at man ville ha større kontroll med bransjen og bedre sikkerhet for pasientene, men i realiteten kan hvem som helst behandle hvem som helst for hva som helst, og pasientene står uten rettigheter hvis de blir lurt eller feilbehandlet.

Legers holdning til alternativbransjen er vanskelig å få tak på, det virker som mange helst ikke vil mene noe som helst. Legeforeningen har, såvidt jeg har fått med meg, ingen holdning til dette feltet. Det er noen få svaler, bl.a. allmennlege Jørgen Skavlan (13), kreftspesialist Stein Evensen, og biolog Kristian Gundersen, som nylig kom med boka Snåsakoden (14), som har vært aktive i debatten. Ellers er stillheten øredøvende på dette feltet, som berører i alle fall en femtedel av pasientene våre, mange med alvorlige og kroniske sykdommer.

REFERANSER

1. Pressemelding fra Forbrukerombudet. <http://www.forbrukerombudet.no/id/11042813.0>
2. http://www.forbrukerombudet.no/asset/4599/1/4599_1.pdf
3. NAFKAM-undersøkelsen2012. http://nifab.no/om_alternativ_behandling/tall_og_fakta/nafkam_undersokelsen_2012
4. <http://nifab.no/behandlingsformer>
5. <http://nifab.no/>
6. http://legemiddelverket.no/Nyheter/Andre/Sider/1-av-4-kj_prosentC3_prosentB8per-medisiner-eller-kosttilskudd-p_prosentC3_prosentA5-nett.aspx
7. http://www.nifab.no/om_alternativ_behandling/tall_og_fakta/nafkam_undersokelsen_2012
8. <http://www.ssb.no/helse/artikler-og-publikasjoner/helse-flere-velger-alternativ>
9. <http://www.lovdato.no/all/hl-20030627-064.html>
10. <http://www.lovdato.no/for/sf/ho/to-20031211-1501-0.html>
11. <http://www.lovdato.no/for/sf/ho/to-20031211-1501-001.html>
12. <http://www.domstol.no/nn-NO/Enkelt-domstol/Noregs-Hogsterett/Avgjerder/Avgjerder-2006/Healer-virksomhet---straffutmaling-og-oppreising/>
13. <http://www.nrk.no/ytring/behandlingsbloffen-1.8302254>
14. Gundersen K: Snåsakoden. Aschehoug 2013. ISBN 9788203293887

pernille.nylehn@kleppnett.no

‘Promoting partnership

Eit aldri så lite reisebrev frå Tampere

■ LISBETH HOMLONG Redaktør og PhD stipendiat, Avdeling for allmennmedisin, HELSAM, UiO

Frå 21. til 24. august vart Nordisk kongress i allmennmedisin arrangert i Tampere, Finland. I nydeleg seinsommarver valfarta meir enn 1100 allmennlegar frå 20 ulike land til Finland for å delta på den 18. nordiske kongressen i allmennmedisin.

Her blei det nyaste innan primærmedisinsk forskning presentert og viktige røynsler frå klinisk praksis delt. Nordisk kongress i allmennmedisin er ein viktig fagleg og sosial møteplass for forskarar innanfor primærhelsetenesta, så vel som for vanlege allmennlegar. I år inkluderte det faglege programmet 55 workshops og symposier, og 26 vitenskaplege sesjonar og poster-presentasjonar, innan svært mange forskjellige primærmedisinske områder. I tillegg hadde kongressen eit rikholdig sosialt program, inkludert lunsj-cruise på ein av innsjøane, kyrkjekonsert, pub-kveld, sightseeing i byen og ein avsluttande bankett. Tema for årets kongress var følgjande: «Promoting partnership with our patients – a challenge and a chance for primary care».

Årets kongress hadde deltakarar frå 20 ulike land, inkludert tilreisande heilt frå Australia. Sjølv kongressen heldt til i flotte Tampere Hall, eit framifrå lokale for eit slikt arrangement. Og det meste gjekk knirkefritt undervegs, så vidt eg kunne sjå. Deltakinga var naturleg nok størst frå dei nordiske landa. Frå Noreg deltok ca 70 stykker, inkludert ein stor delegasjon frå min arbeidsplass, Avdeling for allmennmedisin på Universitetet i Oslo. Mange av oss presenterte resultat frå forskinga vår, frå ulike felt, under kongressen,

mellom anna om antibiotikabruk i primærhelsetenesta, forskrivning av vanedannande medikament til eldre, ungdomshelse og bruk av akupunktur mot ryggmerter.

Nordisk kongress vert arrangert anna kvart år og arrangementet går på omgang mellom dei nordiske landa. Og i år var det altså Finland sin tur. Tampere er Finland sin nest største by og Nordens største innlandsby, der den ligg mellom dei to innsjøane, Näsijärvi og Pyhäjärvi. Tampere vart grunnlagt av Gustav III av Sverige 1. oktober 1779. Den lokale vasskrafta gjorde at det var godt grunnlag for utvikling av industri i byen, og i løpet av 1800-talet vaks folketalet eksplisivt. Tampere blir gjerne kalla «the Manchester of Finland» på grunn av sin industrielle historie. Byen har i dag i overkant av 200 000 innbyggjarar.

I sitt val av tema for arrangementet peikar kongressleiinga på at allmennlegen og pasienten utgjer eit team som skal jobbe saman for å fremje pasienten sin situasjon og helse. Ofte kan også familie og nettverk vere involvert i teamet, på ulike måtar, saman med spesialisthelsetenesta og andre helsearbeidarar. Allmennlegen har ei viktig rolle som nettverksbyggjar: «Those networks, when acting properly, are based on mutual respect and understanding among the team members, including the patient. They are based on partnership.»

Professor ved Ghent University i Belgia, Jan De Maeseneer, heldt den første felles førelisinga på kongressen, «Person- and people-centredness: challenges for general practice». Hovudbodskapet hans var at vi hos den multimorbide pasienten, treng ein målorientert medisin, heller enn ei problemorientert vinkling; «Treat the patient, not the target». Å oppnå retningslinjedefinererte mål for blod-sukkerkontroll og blodtrykksseinking hos ein del av desse pasientane er ofte vanskeleg – og


ikkje alltid til det beste for pasienten. Maeseneer trakk fram eit sitat frå Isaac Newton som kan vere verd å leggje seg bak øyret i denne samanhengen: «Not everything that is countable counts. Not everything that counts is countable». Den belgiske professoren er vidare opp-tatt av aukande sosial ulikskap i helse, der vi har opplevd ei negativ utvikling i seinare år. For å snu dette, må vi også våge å tenke annleis. Maeseneer trekk fram såkalla «Community Oriented Primary Care» (COPC) som ein viktig strategi for å snu denne trenden.

Vår eigen Kirsti Malterud, professor ved Universitetet i Bergen, heldt felles førelising nummer to: «Voices from the margins – knowledge about strength and vulnerability in general practice». Vi har mykje å lære av pasientar som ikkje er like oss sjølve, var hennar bodskap. Vi er gjerne best på dei problema som gjeld majoritetsbefolkninga og veit ikkje alltid kvar vi skal leite når vi møter dei som befinn seg i randsonene.

Professor i filosofi Martyn Evans frå Durham University i England avslutta kongressen laurdag 24. august med eit lite dykk ned i den humanistiske sida av medisinen; «Medicine, the body and an invitation to wonder» – for kva plass har eigentleg humanvitenskapen i medisinen? Kva plass har det subjektive perspektivet i medisinen? Kva gjer vi når pasienten møter oss med eit problem som grensar opp mot meir eksistensielle forhold, når vi som legar har ein ekspertise som hovudsakleg dreiar seg om det konkrete og materielle. Evans argumenter for at døden og det at livet er forgjengeleg, er ei underkommunisert kjelde til forståing i lege-pasientforholdet, men at allmennlegen gjennom sin kontinuitet i lege-pasientforholdet, har ein unik posisjon til å kunne utnytte denne kjelda til kunnskap.

Sjølv om det faglege er i fokus når ein er på

FOTO: TRYGVE SKONNØRD



TAMMERKOSKI-KANALEN



TAMPERE KUNSTMUSEUM MED MUMMI-DALEN KUNSTMUSEUM

with our patients'




En glad gjeng frå Avdeling for allmenmedisin ved Universitetet i Oslo. FOTO: HASSE MELBYE

kongress, er det også kjekt å sjå seg litt om. Særleg når dei seine augustdagane kunne by på eit snev av «Indian summer». Tampere by er vel ikkje førsteval for nordmenn når vi skal velge reisemål for ein storbyweekend, men om du tilfeldigvis skulle hamne der likevel, så kan det vere verdt å merke seg at Tampere kan skilte med verdas aller siste Lenin-museum. Dette kan kanskje verke noko underleg, men historisk interesserte veit kanskje at Lenin budde i Tampere frå 1905 og to år fram-


over. Det var mellom anna her han traff Stalin for første gong, under ein Bolshevik-konferanse i byen. Lenin måtte så flykte frå Tampere i november 1907, då han vart jakta av det russiske sikringpolitiet, Ohkrana. Lenin returnerte ikkje til Russland før i 1917 då revolusjonen starta. Dessverre rakk eg ikkje å besøke denne attraksjonen. Det får bli ved neste høve.

Andre interessante sjåverdigheter for turistar er Tampereen tuomiokirkko, eller Tampere-katedralen – ei arkitektonisk perle

med nydelege fresker av symbolisten Hugo Simber, Mummi-dalen kunstmuseum er populær mellom barnefamilier, mykje av Tove Janssons kunst er utstilt der, og «Ishockey hall of fame» som ligg i museumskomplekset Vapriikki, for dei som måtte ha interesse i den retning. I tillegg byr Tampere på eit stort skogs- og rekreasjonsområde like nord for sentrum. Området er ideelt for løping og tur-gåing. Observasjonstårnet i Pyynikki-parken er også verdt eit besøk.



TAMPER-KATEDRALEN



PYYNIKKI OBSERVASJONSTÅRN



AF 75 år

– fagforening og fagleg forening

■ STEINAR HUNSKÅR • professor

Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin, Uni Helse, og Institutt for global helse og samfunnsmedisin, UiB

Eit tidsperspektiv på 75 år, åra sidan 1938, er eigentleg inga lang historisk tid for ei foreining, men likevel for lenge til at ein kan ha personlege erfaringar om alt. Mi markering er nokre refleksjonar over foreininga, historia og allmenntilstanden, slik eg har opplevd det.

Lyrikaren Olav H Hauge (1–10) har i eit dikt omtala danninga av Aplf (Alment praktiserende lægers forening), no Allmennlegeforening, slik:

Ei svart prestekone
er komi uventa til gard.
Og ein gul ulv.

Det er eit gamalt munnhell at legeforeninga ikkje er ein eigentleg organisasjon, men ein samansvergelse. Og som dermed berre har til oppgåve å beskytte medlemmene sine interesser, og elles skape uhygge og angripe verda utanfor. Sterk profesjonsidentitet med vekt på kollegialitet og intern justis vert trekt fram som noko negativt. Men nettopp dette er laugget sitt sentrale kjennemerke. Arven frå bartskjærarane si tid kan vi trygt vedkjenne oss og vere stolte av, dersom den vert utøvd med klokskap og respekt for spelereglane.

Bakgrunnen for mi frimodige tolking av Olav H Hauge sitt dikt har opphav i mitt einaste personlege møte med han, i 1973, då eg intervjuar han for skuleavisa. Dette var like etter folkeavstemminga om norsk EF-medlemskap, og i ei tid der Hauge var eit ikon for radikale grupper i kulturlivet. Unge Hunskaar stilte med T-skjorte frå Folkebevegelsen mot norsk medlemskap i EEC. Da eg spurte Hauge om kven den svarte prestekona og den gule ulven var, såg han på meg og sa: Det må sjølv-sagt vere opp til lesaren. Men i ditt tilfelle må det vel vere EEC! Så i dag er det difor Allmennlegeforening!

I mi jakt etter å gje refleksjonane mine åndeleg innhald, har eg leita etter fleire passande utsegn i Huges skrifter. Og for dei som ikkje er heilt oppdatert på norsk litteraturhistorie: Olav H Hauge er ein særmerkt lyrikar, og kanskje den fremste norske modernisten. Han var fødd i 1908 og levde som gartner og fruktbonde i Ulvik i Hardanger heile sitt liv til han døydd 85 år gammal i 1994. Hauge gav ut seks diktsamlingar, og laga også ein ABC saman med kona Bodil Cappelen. Han

kunne engelsk, tysk og fransk, og gav ut fleire bøker med gjendiktingar av utanlandske poetar. Etter hans død kom det fram at han skreiv dagbøker i 70 år, frå 1924 til 1994, i alt 4000 sider, utgitt i fem bind i år 2000. God lesnad!

I ei fagforening er det medlemmene som er grunnlaget for all framgang og aktivitet. I eit historisk perspektiv er det likevel ikkje alle enkeltmedlemmene, men den samla krafta som er det sentrale, det å løfte i flokk over tid. Som Hauge seier det:

Det munar ikkje mykje
Um fuglen pikkar fjell
Og musa mig i havet.
Men meininga var der lell.

Og ein annan stad:
Skogen stend, men han skifter sine tre.

Det er dei tillitsvalte og alle som engasjerer seg, som gir grunnlag for innverknad og suksess. Og der har allmennlegeforeninga vore heldig. Gjennom alle år har den hatt flotte, markerte og viktige leiarar som gjennom langsiktig arbeid, harde forhandlingar og gode strategiar har ført faget og yrket framover. Det har ikkje alltid vore like enkelt, mange har vel oppfatta leiaroppgåva som å gjete kongens harar. Men kanskje er ikkje allmennlegane dei verste like vel. Høyr berre kva Hauge seier om primærprodusenten og spesialisten:

Kan du gjera eit vers
som ein bonde tykkjer mun i,
skal du vera fornøgd.
Ein smed vert du aldri klok på.
Verst å gjera til lags er ein snikkar.

Skal ein nå fram med synspunkta sine, må ein søke makt. Det er der politikken og vedtaka vert endeleg utforma. Først internt i legeforeninga, dernest i forhandlingar med partar og styresmakter. I moderne tid har allmennlegane hatt to slike viktige personar, Hans Kristian Bakke som var president i legeforeninga og heilt sentral i innføring av fastlegeordninga, og no Trond Egil Hansen som visepresident med betydeleg ansvar for kompromissa i balansen mellom styring og autonomi. Dette er det Hauge omtalar som modige maur, under bokstaven M i ABC-boka si:

RED. ANM. Allmennlegeforeningens 75-årsjubileum ble offisielt markert under Våruka i Bodø 22.–26. april med utgivelse av eget festskrift og jubileumsmiddag. Steinar Hunskaar, forskningsleder ved Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin og professor i allmennmedisin i Bergen, holdt festtalen 24. april. Utposten har fått hans tillatelse til å trykke talen slik at enda flere kan få muligheten til å lese og glede seg over den.

Ein modig maur
kraup oppover ein staur
og ville sjå seg om i verda.
Kvar staur har ein topp.
Der vart det stopp,
og då han ikkje hadde venger
kom han ikkje lenger.
Men han var ein modig maur,
han kraup ned at
og fann seg ein annan staur.

Begge desse leiarane og mange andre før dei, har kjempa for fag og rettar, berre få gonger har det blitt konflikt, sjølv om grasrota har vore i opprør eller til og med berre måteleg einig med leiinga, jamfør fastlegeordninga og no sist fastlegeaksjonen og ny fastlegeforskrift. Hugs då at tunge våpen har sin største misjon ved sin eksistens, ikkje ved øydeleggende bruk:

Eg er berre ei sleggje.
Eg stend der no.
Eg lyt berre til når det røyner på.

Gjennom etablering av omfattande vidare- og etterutdanning har Allmennlegeforeninga tatt eit ansvar få andre fagforeningar kan vise til. På same måte som laugget måtte godkjenne den nye meisteren, var legeforeninga fagleg garantist for at spesialistane hadde den naudsynte kompetansen. Kampen for spesialiteten i allmenntilstanden var ein tung kamp som Aplf først måtte vinne internt, og som så moderforeninga førte eksternt, til slutt med hell. Overraskande og paradoksalt nok har Hauge tilsynelatande lite til overs for formalkunnskap og kompetanse:

År ut og år inn har du site bøygd
yver bøkene,
du har samla deg meir kunnskap enn
du treng til ni liv.
Når det kjem til stykket, er det so lite
som skal til,
og det vesle har hjarta alltid visst.
I Egypt hadde guden for lærdom
hovud som ei ape.

Vegen til å vite går i Norge, og kanskje typisk i allmenntilstanden, tradisjonelt gjennom det praktiske handlaget og erfart klokskap, det hjarta alltid har visst, som Hauge uttrykte det. På godt og vondt er den allmenntilstandsforskinga i samliv med ein slik kultur, og skal



Det er dei tillitsvalte og alle som engasjerer seg, som gir grunnlag for innverknad og suksess, skriver artikkelforfatteren. Bildet er frå AFs årsmøte i Bodø. FOTO: TOM SUNDAR

akademiske institusjonar bli tatt alvorleg, kan dei ikkje gløyme det. Det har vore, og er framleis, mange antiakademiske krefter blant allmennlegane. Og dei får støtte av Hauge:

All vitskap er vøv. Berre å flytta på drit.
Og så rekna på kor langt det er millom
dungane.

Likevel er historias dom over allmennlegeforeininga at den har vore heilt avgjerande for framveksten av eit allmennmedisinsk akademi, av undervisning, forskning og utgjeving av faglitteratur. Det gjeld gjennom etablering og finansiering av dei allmennmedisinske institutta, ved faglitteratur, gjennom Allmennpraktikarstipend, allmennmedisinske forskingseiningar og no sist Allmennmedisinsk forskingsfond.

Produkta av slik verksemd er oftast skriftleg materiale. Vi treng allmennlegar som skriv forskingspublikasjonar, rapportar, fagbøker, vurderingar, høyringsuttalar, strategidokument og grunngevingar. Mykje av det akademiske er eigentleg heilt naudsynt trening i å formulere og framføre dei gode sakene på allmennmedisinens vegne. Vi skal takke alle dei som tek seg tid til slikt arbeid i alle deler av foreininga, og eg har sjølv hatt gleda av å skrive eit kapittel om dette i jubileumsboka som kom i dag.

Sjølve *skrivninga* hadde jo Hauge stor sans for, han verdset ein god tekst, og understreka at det ikkje berre er enkelt å formulere seg godt, jamfør kunsten å skrive spontane forslag for votering under landsrådsmøter:

Desse små versi kan då ikkje ha kosta deg stort?
Berre nokre papirlappar, og litt blekk,
– dei små ordi kjem då av seg sjølv?
At du ikkje prøver sjølv då – med vers?

Olav H Hauge levde einsleg i 68 år før det kom ei kvinne og bokstaveleg talt tvinga seg innpå han; bilettevaren Bodil Cappelen, som er 83 år. Først sambuarar og deretter som gifte, til saman i 19 år. Eg veit at samanlikninga haltar, men verken eit samliv på 19 eller ein samlevnad på 23 år kan kallast eller utelatst som eit intermeso. Eg må difor omtale tilhøvet mellom Aplf og NSAM (Norsk selskap for allmennmedisin), som vart starta i 1983

utan Aplf si støtte, med utspring i dei akademiske allmennmedisinnmiljøa. Det handla om børs og katedral, fagforeining og fagleg foreining, avhengighet og uavhengighet.

Etter om lag 20 år med splid, mistru og konkurrerende aktivitetar, starta prosessen med å sameine kreftene, godt understøtta av den allmenne organisasjonsprosessen i legeforeininga med oppdeling i yrkesforeining og fagleg foreining frå 2006. Allereie no kan vi konkludere med at grepet vart ein historisk suksess, med sterkare organisasjonar, med godt gjennomslag for sakene på begge frontar. For i moderne tid handlar det nok ikkje om å bestemme sjølv eller å ha forvaltningsansvar, men å påverke. Ja, høyr berre kor godt det kan refererast frå årsmøta i 2006:

Elvane møtest, kvar frå sitt fjell.
Grip kvarandre i hendene.
Blandar sin song og sitt blod.
Held fram einige, sterkare,
snåvar ikkje so lett i steinane:
turrskodd skal ingen vassa oss no!

Men dette slitet med organisasjon og fag: Kvifor gjer vi det? Eigentleg?

Eg håpar framleis svaret er: For pasienten! Tillit – Trygghet – Tilgjengelighet. Desse orda må ha reelt innhald, også på pasientane sine premisser, sjølv om det betyr fleire heimebesøk, lengre opningstider og krav til vente- og svartider. Vi må gå framfor, ikkje verte innhenta av overmodne samfunnskrav og framstå som bakstrevarar:

Katten sit i tunet når du kjem.
Snakk litt med katten.
Det er han som er varast i garden.

Som allmennlegar skal vi legge avgjerande vekt på pasienten si forståing av situasjonen, og gje mest til dei som treng mest. Dette skal allmenlegen kunne. Ofte kan det vere så lite som kan vere avgjerande, men det må prioriterast:

Det var lite for deg,
men mykje for meg:
Eit smil då det galdt
og eit handtrykk var alt

Olav H Hauge hadde psykiske problem frå ungdommen av og var tvangsinnlagt fleire gongar på Valen psykiatriske sjukehus. Det kan vere nyttig å høyre pasienterfaringane hans:

Eg tek vanvit som den store nåden den er, og takka for det eg fekk sjå og høyra. ... Dei fyrste åri eg var sjuk var ei herleg tid, full av syner og rus, gledesferder til framande klotar, gjestingar av gudar og gudinner... Dei seinare gongane eg har gjenge yver dørstokken og kome i slik tilstand, var mindre forvitneleg, eg skriv det til all medisinen og all sjokkinga som doktorane no driv med; det tener til å dra dei attende til gråe kvardagen att, det vil segja til «normale», gråe, kjedelege menneske.

Og eg vil påstå at Hauge går Kierkegaard ein høg gang når han minner oss om at informasjonen skal tilpassast person, tid, stad og situasjon:

Kom ikkje med heile sanningi,
kom ikkje med havet for min torste,
kom ikkje med himmelen når eg bed om ljøs,
men kom med ein glimt, ei dogg, eit fjom,
slik fuglane ber med seg vassdropar frå lauget
og vinden eit korn av salt.

Kva har dei første 75 år lært oss? Det må vere at det nyttar å løfte i flokk. Og at ein må stå på vidare. Som Hauge seier i dagboka:

Det me eig er fortida og framtida. Notida er me aldri herre over.

75 år er ingen alder for foreiningsarbeid. Som oppfordring til fortsatt godt arbeid, avsluttar eg med eit utdrag frå dagboka i 1975:

I eit blad har Bodil nett lese um ei dansk etterrøking; Det viser seg, seier vitskapsmennene, at mannfolk kan vere seksuelt aktive til dei er 90, um dei elles er friske. Så ho er optimistisk! Ho trur eg kan halda på å pula henne til eg er 90, skynar eg. Ja, ja, det er ikkje meg i mot, men det skal vel godt gjerast. Me er no ein gong byrja på hjonskapen, og so fær me sjå etter kvart kor lenge me held ut!

Gratulerer med dei første 75 år og lukke til med arbeidet dei neste!

REFERANSAR

1. Cappelen B, Hauge OH. ABC. Oslo: Samlaget, 1986.
2. Cappelen B, Spaans R. Tid å hausta inn: 31 forfattarar om Olav H. Hauge. Oslo: Samlaget, 2008.
3. Hauge OH. Dikt i samling. 9. utg. Oslo: Samlaget, 2010.
4. Hauge OH. Tusvik S (red). Dagbok 1924-1994: utval. Oslo: Samlaget, 2011.
5. Hauge OH, Cappelen B. Brev 1970 - 1975. Oslo: Samlaget, 2011.
6. Hauge OH. Dagbok 1924-1994. Bd. 1-5. Oslo: Samlaget, 2000.
7. Hauge OH. Dikt i umsetjing. 4. utg. Oslo: Samlaget, 2009.
8. Skjervan A, Bergo SI, Olav H. Hauge og bygda. Oslo: Samlaget, 2008.
9. Vold JE. Under Hauges ord. Essays, samtalar, brev, dikt, fotos. Oslo: Samlaget, 1994.
10. Åmås KO. Mitt liv var draum. Ein biografi om Olav H Hauge. Oslo: Samlaget, 2004.

Steinar.hunskar@igs.uib.no

Telefontilgjengelighet hos fastlegene i Trondheim

■ TORGEIR FJERMESTAD • Overlege Trondheim kommune og fastlege Ranheim legesenter

■ SONJA HANDBERG NIELSEN • leder Enhet for legetjenester Trondheim kommune 1999–2012

Undersøkelsen på telefontilgjengelighet ved de 39 fastlegekontorene i Trondheim som ble gjennomført høsten 2012 viste store forskjeller. Den faktoren som hadde størst betydning for god tilgjengelighet, var hvor mange timer i uka telefonen var åpen. Listelengde, antall årsverk medarbeidere, nett- og sms-tilgang viste seg å ikke ha sammenheng med telefontilgjengeligheten. Mye tyder på at hvert legesenters vektlegging av tilgjengelighet har stor betydning, samt at senteret har en overordnet vilje til å yte god service på dette området. Dette uttrykkes ved at man setter temaet på dagsorden, for eksempel i personalmøter, analyserer og drøfter bruk av telefon og har vilje til å gjennomføre tiltak som reduserer pasientenes bruk av telefon.

Bakgrunn

Den nye fastlegeforskriften gjeldende fra 1.1.13 fastslår at minst 80 prosent av alle som ringer til legekontoret skal komme fram innen 2 minutter. Trondheim kommune ønsket å kartlegge hvordan situasjonen var høsten 2012, i forkant av den nye forskriften, og gjennomførte en undersøkelse av tilgjengeligheten på legesentrene i kommunen. Ved å få tilgang til egne tall, kunne hvert legesenter se om noe burde gjøres for å fylle forskriftens krav.

Metode

Trondheim kommune har gjennomført tilsvarende undersøkelser to ganger tidligere, sist i 2004. Tellingen i 2012 ble utført ved hjelp av manuelle opprigninger. På forhånd ble telefonens åpningstid kartlagt for hvert legesenter, og om det var mulig å bruke internett eller sms for timebestilling. Tre personer fordelte de 38 legesentrene seg imellom, og det ble det ringt en gang hver time i telefontiden,

hver dag, i en hel uke. På forhånd ble det informert at det skulle gjennomføres en undersøkelse, men ingen fikk vite hvilken uke.

Antall sekunder før oppnådd kontakt ble registrert, og dersom man ikke fikk kontakt etter fem minutter, ble opprigningen avsluttet. Ved opptattsignal, ringte man flere ganger. Alle tall ble lagt inn og bearbejdet i Excel. Legesentrene øverst på listen ble i ettertid spurt om hva de mente kunne forklare deres resultater.

Resultater

Tabell 1 under er et eksempel på en registrering en uke for ett legesenter

Tabell 2 på neste side viser resultatene for alle legesentrene, rangert og anonymisert, samt resultatene fra 2004 med rangering. Kolonnen til høyre viser antall timer telefonen er åpen i løpet av uka.

For å vurdere enkelte variabler som kan ha sammenheng med tilgjengeligheten, er det laget en sammenligning mellom de øverst og

de nederst på listen. Dette er gjort mellom sentre med tre eller flere leger og siden fire av de 11 som holder forskriftskravet på minst 80 prosent er solo eller 2-legesenter står en igjen med syv sentre, Gruppe A. Disse sammenlignes med de syv nederst på listen, Gruppe B. Ett av de syv nederst er ikke tatt med i denne analysen fordi senteret flyttet denne uken og var i en helt ekstraordinær situasjon.

Det er i tillegg hentet inn data på listelengde, antall leger og antall årsverk medarbeidere, alt dette fremkommer i tabell 3 på neste side.

Gruppe A har et snitt på 4,0 leger per senter mens Gruppe B er litt større med 4,6.

Gruppe A har snitt listelengde på 1329 mens Gruppe B har 1352. Men stillingsandelen er litt bedre i Gruppe B med snitt 0,60 (0,42–0,77) årsverk per tusen på listen mot Gruppe A 0,57 (0,48–0,66) per tusen på listen.

To av legesentrene i Gruppe A og to i Gruppe B har gitt tilbakemelding at det var fravær av medarbeider deler av uka det ble

UKEDAG/TID	08.00–09.00	09.00–10.00	10.00–11.00	11.00–12.00	12.00–13.00	13.00–14.00	14.00–15.00	Gj.snitt.	Maks	Min
MANDAG	0:01:17	0:01:02	0:00:24	0:00:10	0:01:54	0:02:11	0:00:06	0:01:01	0:02:11	0:00:06
TIRSDAG	0:01:32	0:00:29	0:00:08	0:01:02	0:00:09	0:00:25	0:00:24	0:00:36	0:01:32	0:00:08
ONSDAG	0:01:18	0:00:12	S	0:00:17	0:01:54	0:00:20	0:00:28	0:00:45	0:01:54	0:00:12
TORS DAG	0:03:23	0:00:21	0:00:09	0:00:10	0:00:43	0:00:29	0:00:17	0:00:47	0:03:23	0:00:09
FREDAG	0:00:56	0:00:23	0:00:09	0:00:17	0:00:11	0:00:12	0:01:12	0:00:29	0:01:12	0:00:09
Gj.snitt	0:01:41	0:00:29	0:00:12	0:00:23	0:00:58	0:00:43	0:00:29			
Maks	0:03:23	0:01:02	0:00:24	0:01:02	0:01:54	0:02:11	0:01:12			
Min	0:00:56	0:00:12	0:00:08	0:00:10	0:00:09	0:00:12	0:00:06			
Ant. Cut-off	0	0	0	0	0	0	0			
I = CUT-OFF Pga opptatt S= stengt		Ant Tlf: 34 % < 2 min 94,1								

TABELL 1. Eksempel på en registrering en uke for ett legesenter.

RANGE-RING	LEGESENTER	% <2 MIN 2012	% <2 MIN 2004	RAN-GERING 2004	ANT. TIMER TLF I UKA
1		94	85	5	34
1		94	71	13	18
3		91	95	1	23
4		88	84	7	24
5		87	68	14	30
6		86	89	2	35
6		86	44	30	28
6		86			28
9		83	75	11	35
9		83	77	9	24
9		83	87	3	30
12		79	48	26	29
13		77		1	30
14		76	87	3	33
15		74	60	19	23
16		71	84	7	28
16		71	48	26	24
18		68	65	16	25
19		67	72	12	30
20		66	44	30	29
21		64	85	5	33
22		60	54	22	35
22		60	44	30	30
22		60	51	25	20
25		56			25
26		55	54	22	22
27		52	36	33	33
28		50	48	26	26
29		48	66	15	29
30		47	58	20	34
31		41	54	22	29
32		39	55	21	28
33		38			21
34		36	62	18	25
35		33	64	17	18
36		32	48	26	22
37		21	76	10	24
38		9	35	34	23

TABELL 2. Resultater for alle legesentrene.

GRUPPE A	ANTALL LEGER	ANTALL PÅ LISTEN	ANTALL ÅRS-VERK MEDARB.	ANSATT PR 1000 LISTE	ANT. TIMER TLF. ÅPEN	% KONTAKT < 2MIN	NETT	SMS
1	4	4962	3,2	0,64	34	94	ja	nei
2	5	6509	3,15	0,48	30	87	ja	ja
3	3	5062	2,8	0,55	35	86	ja	nei
4	4	5841	3	0,51	28	86	ja	nei
5	4	4576	3	0,66	28	86	ja	ja
6	4	5442	3	0,55	35	83	ja	ja
7	4	4829	3	0,62	30	83	ja	ja
GRUPPE A								
1	4	5695	4,4	0,77	29	41	ja	ja
2	3	4516	2,5	0,55	28	39	ja	ja
3	4	4769	2	0,42	21	38	ja	ja
4	5	8316	4	0,48	25	36	ja	ja
5	4	4208	3	0,71	18	33	ja	ja
6	6	8209	6,1	0,74	22	32	nei	ja
7	5	7563	4,2	0,56	23	9	ja	ja

TABELL 2. Diverse data fordelt etter grupper.

registrert. Det er ikke innhentet systematisk data på dette for alle sentrene. Variablen *årsverk ansatte per tusen på liste* tar ikke hensyn til aktuelle fravær denne uka.

Tabell 3 viser at Gruppe B har litt større muligheter til timebestilling på nett eller sms men forskjellen er liten.

Sammenligner en resultatene i 2012 med 2004 ser en at 14 av de 19 som utgjør beste halvdel i 2012 også var blant beste halvdel i 2004.

Diskusjon

Siste par år har flere andre kommuner gjort tilsvarende undersøkelser med samme metodikk, b.la. Ålesund (1). En mulig svakhet med metoden er at sentrene med best tilgjengelighet oppdager at undersøkelsen pågår, ved at de får gjentatte oppringinger av denne typen. Dette kan tenkes å skjerpe oppmerksomheten på telefonservice resten av uka, som da gir et bedre resultat. De fleste sentrene har organisert svar på telefon slik at flere medarbeidere gjør dette, noe som bidrar til å forsinke kjennskapen til at undersøkelsen pågår. Vi tror ikke at metoden har påvirket resultatene i større omfang.

Av de faktorer som er kartlagt er det bare antall timer åpen telefon som helt klart skiller de to gruppene idet Gruppe A har her et snitt på 31,4 timer per uke mens Gruppe B har 24 timer.

Faktoren medarbeiderårsverk ser ut å ha liten betydning, og muligheter for time på sms eller nett kan heller ikke forklare de store forskjellene.

